



KYSTVERKET

Vest

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Dykker ref.: Vår ref.: Arkiv nr.: Saksbehandlar: Dato:
2011/3292-28 Lene Røkke Mathisen 23.05.2017

Tilleggskommentar til avgrensa høyring av Regional kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger

Syner til vårt møte 5.5.2017 vedkomande Kystverket sine innspel til avgrensa høyring av regional kystsoneplan.

Me ser behov for å presisere våre tilbakemeldingar i enkelte områder og takkar for mogelegheita for å gjere dette no.

Kystverket synest generelt at det er positivt at det vert utarbeida ein regional plan for utvikling av akvakultur i eit område med mange viktige interesser. Me ynskjer å peike på enkelte områder der me ser at det føreslåtte akvakulturatealet vil kunne ha negativ påverknad på sjøverts ferdslle og andre maritime interesser.

- **Langenuen:** Området er smalt og med mange eksisterande akvakulturanlegg. Me har motteke søknader om utviding av anlegg ved fleire høve. Kystverket er bekymra for denne utviklinga og ynskjer ei oppbremsing av utvidinga av akvakulturområder i Langenuen. Dette gjeld særleg området mellom Tysnes og Fitjar. Det er særleg den potensielle konflikta mellom fortøyning av anlegga og slep av større offshoreinstallasjonar våre losar er bekymra for.
- **Solesnes og Samlaneset:** Det er her innteikna to areal for «sjø og vassdrag» generelt, utvida område med AK» som ikkje låg inne i kart-utkastet frå 2015. Desse områda strekk seg langt ut i leia og vil kunne vere til hinder for trafikken i hovudleia inn Hardangerfjorden. Kystverket ber om at desse to områda vert fjerna eller sterkt redusert.
- **Ålfjorden:** Riggområdet ved Vikebygd er per i dag lite brukt, men om ein ser på utviklinga i offshorenæringa i dag så kan aktiviteten i dette området ta seg opp, som den har i riggområdet i Ølensfjorden. Slep av større offshoreinstallasjonar er arealkrevjande og kan kome i konflikt med akvakulturanlegg som ligg ute i leia. Kystverket ber difor om at arealet «sjø og vassdrag» generelt, utvida område med AK» nord i Ålfjorden vert redusert til same storleik som i planforslaget frå 2015.
- **Opplagsområdet i Onarheimsfjorden:** Opplagsområdet i Onarheimsfjorden er ikkje tatt inn i plankartet. Tilgjengelege opplagsområder i Sunnhordland og Ytre Hardanger er viktige og vil vere viktige framover, både med tanke på utviklinga i offshorenæringa men også på grunn av aktiviteten særleg knytta til Eldøyane og Ølensvåg. Me ber om at dette vert synleggjort i kartet.

Me ber om at desse innspela vert omsyntatt i det vidare arbeidet med kystsoneplanen.

Region Kystverket Vest

Sentral postadresse: Kystverket
Postboks 1502
6025 ÅLESUND

For besøksadresse se www.kystverket.no

Telefon: +47 07847

Internett: www.kystverket.no
E-post: post@kystverket.no

Bankgiro: 7694 05 06766

Org.nr.: NO 874 783 242

Vi ser om at brev, sakskorrespondanse og e-post vert adressert til Kystverket, ikkje til avdeling eller enkeltperson

Med helsing

Lene Røkke Mathisen
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent

Interne kopimottakere:
Kjell Asle Djuprevåg Vestlandet losoldermannskap KYV-LOS V

Vedlegg:

